

Retningslinjer

Mobilitetsstipend for norsk språk, litteratur og kultur

1. Formål

Mobilitetsstipendet for norsk språk, litteratur og kultur skal bidra til å leggje til rette studie-/forskningsopphald i Noreg for utanlandske studentar.

2. Kven kan søkje

Mobilitetsstipendet blir tildelt master- og ph.d.-studentar i land utanfor Noreg og ved institusjonar som har eit institutt for nordistikk/skandinavistikk, og som har valt norsk språk, norsk litteratur eller norsk kultur som emne for avhandlinga si. Stipendet skal nyttast til feltarbeid i Noreg i samband med avhandlinga.

Kven kan *ikkje* søkja:

- Bachelorstudentar.
- Studentar som tidlegare har fått stipend frå Diku/HK-dir for same prosjekt på same utdanningsnivå.
- Studentar med norsk statsborgarskap som studerer på master- eller ph.d.-nivå ved ein lærestad utanfor Noreg.

3. Stipend

Stipendet vert gjeve som bidrag til å dekkje utgifter til reise, kost og losji i samband med forskningsopphaldet i Noreg.

- *Reisestipend:*
Følgande faste satsar gjeld:
 - NOK 3 000 for reise frå land i Europa
 - NOK 4 500 for reise frå St. Petersburg og Moskva i Russland
 - NOK 6 000 for reise frå andre byar i Russland, resterande land i Eurasia og land utanfor Europa
- *Stipend for kost og losji:*
Stipendet følgjer Lånekassen sine satsar for basisstøtte og blir gjeve til kost og losji i Noreg. Sjå den aktuelle utlysinga for oppdatert sats.

Dersom feltarbeidet blir avslutta tidlegare enn planlagt, må studenten betala tilbake opphaldsstipendet for den attståande perioden. Eit eventuelt overskot kan bli pålagt skatt avhengig av vurderinga til skatte-styresmaktene.

Stipendet blir gjeve for ein, to eller tre månader med feltarbeid ved ein norsk utdannings-/forskningsinstitusjon.

4. Kriterium for søknad

- Tema for avhandlinga (prosjektet) må vera innan norsk språk, norsk litteratur eller norsk kultur, og søknaden må omfatta ei fyldig skildring av prosjektet.
- Feltarbeidet må gjerast ved ein norsk høgare utdannings-/forskningsinstitusjon, og stipendiaten må oppgje ein rettleiar ved denne institusjonen som har sagt seg villig til å yta rettleiing under studieopphaldet.
- Eit personleg invitasjonsbrev frå den norske institusjonen må leggjast ved søknaden.

- Opphaldet i Noreg bør vera i semesterperiodane, men me kan også akseptera feltarbeid under sommarmånadene. Tidspunktet for opphaldet bør avtalast med rettleiar iNoreg.
- Det vert ikkje gjeve stipend til deltaking på sommarkurs/sommarskular.
- Ei anbefaling frå rettleiaren til søkjaren ved heimeinstitusjonen er påkravd.

5. Søknadsprosessen

Mobilitetsstipendet har ein årleg søknadsfrist og gjeld for det kommande akademiske året.

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) annonserer søknadsfristen på nettsida:

<https://studyinnorway.no>

Søknaden må sendast elektronisk via eige søknadsskjema i Espresso

<https://espresso.diku.no/espresso/> og må innehalda ei utførleg og konkret skildring av prosjektet der det blir gjort greie for tema, problemstilling, kjeldemateriale og liknande, og med ei grunngjeving for kvifor eit opphald i Noreg vil vera nyttig for prosjektet.

Søkjaren må oppgje ein rettleiar i undervisnings- eller forskingsstilling ved ein høgare utdannings- eller forskingsinstitusjon i Noreg, som har sagt seg villig til å rettleia studenten under opphaldet i Noreg. Rettleiaren må ha kompetanse på emnet som stipendiaten fordjupar seg i.

Eit personleg invitasjonsbrev frå den norske institusjonen må leggjast ved søknaden.

Alle søkjarar må også oppgje ein rettleiar ved lærestaden i heimlandet. Denne rettleiaren må skriva eit personleg anbefalingsbrev av søkjaren og prosjektet til søkjaren. Anbefalingsbrevet bør skrivast på brevark frå institusjonen og signerast. Anbefalingsbrevet skal også leggjast ved som vedlegg til søknaden.

Søknader utan invitasjonsbrev frå norsk lærestad og anbefalingsbrev frå rettleiar blir rekna som ufullstendige, og vil ikkje bli handsama.

6. Søknadsbehandling

Søknadene blir handsama av Programutvalget for Noregskunnskap i utlandet, og vedtak blir sendt ut per e-post. I tilfelle der søknader berre delvis blir innvilga, eller blir avslåtte, vil vedtaksbrevet innehalda informasjon om klagerett.

Blir søknaden innvilga, vil svarbrevet innehalda informasjon om korleis stipendet blir utbetalt til stipendiaten. Dersom søkjaren vil ta imot stipendet, må eit akseptskjema fyllast ut, signerast og sendast til HK-dir innan fristen som står i vedtaksbrevet. Dersom stipendiaten også får andre HK-dir-administrerte stipend for same tidspunkt, kan HK-dir velja å avslå søknaden.

7. Praktisk informasjon

Kvar enkelt stipendmottakar er sjølv ansvarleg for å skaffa bustad under opphaldet i Noreg. Dei som trenger visum, bør søkja om dette snarast mogleg. Søknad om besøksvisum skal sendast til næraste norske utanriksstasjon i heimlandet, i god tid før planlagd avreise.

8. Rapportering

Stipendet blir tildelt under vilkår om at stipendmottakar straks etter heimkomst, og seinast 1 (éin) månad etter at opphaldet er avslutta, sender ein kort rapport frå opphaldet i Noreg. Rapportskjema vil bli tilgjengeleg under «Oppgåvene mine» i Espresso.